

ÅRSMELDING - 2019

MØRE & ROMSDAL GJETARHUNDLAG

Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag er samansett av representantar frå dei 4 lokale gjetarhundlaga, og styret i 2019 har vore:

Merethe Hellevik, leiar / vara: Ingrid Iversen – MMG
Anne Katrin Melle, nestleiar / vara: Sara Larsson – VSG
Maren-Ann H. Løvoll, kasserar – vara: Jostein Røyset – NRG
Nils Edmund Stråmyr, skrivar/vara: Andor Bjørke – ISG

Styret har hatt 3 styremøter gjennom året, og totalt 11 saker har vore behandla.

Året 2019

Nye godkjende ekvipasjar/bruksprov

Møre og Romsdal har fått 12 nye godkjende ekvipasjar i 2019.

Gjetarhundprøver/Gjetarhundkurs

Det har i år vore bra gjetarhundaktivitet i Møre og Romsdal. Med det tenkjer vi på at det har vore over 60 fellestreningar. Det vart arrangert 23 distriktsprøver rundt om i fylket med totalt 267 startande. Det har og vorte arrangert 4 gjetarhundkurs i lokallaga.

Fellestreningar, kurs og prøver skaper ei heilheit. For dei fleste som legg tid og energi ned i gjetarhundarbeidet, vil det resultere i bruksprov. Dette er og det grunnleggande som må til for å auke nivået på ekvipasjane som skal ut i praktisk arbeid.

NM deltaking for MRGL 2019

I alt seks ekvipasjar frå Møre og Romsdal hadde kvalifisert seg til årets NM i Alvdal, Hedmark.

Jan Myklebust med Akersborg Rex og Frøya. Atle Arnesen med Mirk og Lill.

Susann R. Osnes og Andy. Merethe Hellevik med Solvollgardens Blizz.

Merethe Hellevik og Blizz gjorde eit flott innleiande løp fredag og kvalifiserte seg til finalen.

Til slutt kom dei på ein fin 16. plass plass.

Resultatmessig elles var det kanskje litt «stang ut» og fylket mista dermed ein plass til neste års NM. Møre og Romsdal har med andre ord 5 plassar til NM i Gjetarhund 2020.

MRGL nyttar høvet til å gratulere dei seks ekvipasjane med god innsats i NM 2019.

Fylkesmeisterskapet

Fylkesmeisterskapet vart arrangert på Haugseth i Sykkylven kommune den 29. juni med 16 deltakande ekvipasjer og Egil Lomsdalen som dommar.

Fylkesmeisterskapet blei også dette året arrangert med finale på same dagen, der dei seks beste frå den innleiande runden stilte.

Fylkesmeister 2019 vart Jan Myklebust med hunden Frøya.
«Beste unghund for FM 2019» gjekk til Atle Arnesen og hunden Lill.
MRGL gratulerer så mykje med både titlane og plasseringane.

Unghundcup´n 2019

Vinnar av Unghundcup´n 2019 vart Anne Katrin Melle med hunden Sansa. MRGL gratulerer!

Nettsidene

Nettsidene til MRGL (www.mrgl.no) har og i 2019 vore oppdatert av webansvarleg Merethe Hellevik, og har vore eindel brukt. Det er viktig for medlemmane at vi har ei velfungerande nettside slik at ein får ut informasjon og vidare kan så spirar til nye tiltak rundt om i fylket. Minner om at lokallaga og medlemmane må vere **mykje** flinkare til å sende inn små reportasjar og bilete frå aktivitetar til heimesida. For på den måten gjere sitt til at vi har ei aktuell og oppdatert heimeside.

Oppsummering

Året 2019 inneheldt mange arrangement i Møre og Romsdal, og viser bra aktivitet i dei fleste delane av fylket, og det må ein seie seg godt nøgde med. Dette er og viktig om ein skal oppretthalde bruken av gjetarhund i småfehaldet i fylket.

MRGL arbeider mellom anna for at det skal bli rekruttering til gjetarhundmiljøet. Fellestreninger, kurs, godkjende instruktørar og gjetarhunddommar er noko av det som trengs. I tillegg til gode område å trene på rundt om i dei fire lokallaga er det faktorar som bidreg til dette. Ein kan ikkje poengtera nok desse føresetnadane som igjen gir godt miljø for trening og nye bruksprov i lokallaga. Lokale gjetarhundprøver, eller «distriktsprøver» må til om ein skal få testa gjetarhunden sin praktisk. Det er dette som gir gode gjetarhundar og ein arbeidskamerat til å stole på.

I mars 2009 vart arbeidet med å opprette Møre og Romsdal Gjetarhundlag starta. MRGL hadde 10-års jubileum i 2019, og det markerte vi med ei aktivitetshelg 29.-31.mars på Gamlem i Haram.

Fredag kveld hadde vi samling av kursdeltakarar og instruktørar på Gamlem grendahus. Andor Bjørke heldt foredrag om trening av gjetarhund og det vart servert pizza, sponsa av Nortura.

Laurdag var kursdeltakarane fordelt på 3 grupper, med 2 instruktørar på kvar gruppe.

Andor, Nils, Sara, Knut-Jørgen, Philipp og Merethe instruerte gruppene på dugnad for MRGL. Sjølv om vergudane ikkje spelte heilt på lag, så var det mange blide fjes å sjå, og alle fekk fleire treningsøkter gjennom dagen.

Laurdagskvelden hadde vi middag på Gamlem grendahus. Etterpå hadde vi kviss, laga av Vestre Sunnmøre Gjetarhundlag. Artig og sosialt!

Søndag var det på att igjen med fleire treningsøkter.

Overskotet gjekk til fylkeslaget MRGL.

MRGL har halde fram med praksisen å skrive ut laminerte bruksprov til ekipasjar som har oppnådd godkjent gjetarhundprøve (60p). Pris pr.bruksprov er 250,- Meir info om dette på heimesida.

Ny praksis frå 2020: MRGL har trykt opp diplomar, slik at dei som tek bruksprov får utdelt diplom på prøva. Lokallaga får utdelt ferdigtrykte diplomar på årsmøtet, det er berre att å fylle ut namn på hund og førar, og signatur frå dommar. Dette for å gjere litt ekstra stas på dei som oppnår bruksprov.

MRGL vil igjen takke alle som med si drivkraft står på i sitt lokallag med gjetarhundarbeid og tek seg av alt som skal til for å skape eit godt gjetarhundmiljø i fylket.

Styret i Møre og Romsdal Gjetarhundlag - MRGL